

## **FORDELING AV ANSVAR**

Hordaland fylkeskommune har ansvar for koordinering av turneen "Migrasong-songane dei bar med seg over havet».

- **Praktisk tilrettelegging**

Musikarane treng ei scene på 4 x 5 meter.

Musikarane har med alt naudsynt utstyr til formidling av lyd og bilete, samt rekvisita som amerikakoffert, kiste, osv.

Der spelestaden har eige PA og projektor av god kvalitet, er det ønskeleg å nytta dette, men då etter avtale med den einskilde arrangør.

- **Marknadsføring og synleggjering**

Arrangør har ansvar for den lokale marknadsføringa med annonse i aviser, kontakt med lokale radiostasjonar, oppheng av plakatar, og evt. informasjon til medlemmer/venelag gjennom sosiale media.

Hordaland fylkeskommune vil senda dykk plakatar. Hefte/program for framsyninga vil utøvarane ta med seg. Pressemelding/bilete som kan nyttast for publikasjon i aviser vert sendt dykk i god tid på førehand.

Det skal i alle samanhengar synleggjerast at framsyninga er eit samarbeid mellom arrangør og Hordaland fylkeskommune.

- **Kulturkveld**

Arrangør er velkomen til å setja programmet inn i ei utvida råmet. Lokale kjelder som kan fortelja om utvandring/innvandring før og no kan vera ei fint tilskot under ei kaffistund etter framsyninga, og utøvarane er gjerne til stades for ein dialog med publikum etter konserten.

- **Økonomi**

Utgiftene vert delt mellom fylket og lokal arrangør.

Billettinntektene, og evt. anna stønad (sponsormidlar osv.) går til arrangør. Arrangør betalar ein eigenandel i etterkant på kr. 10.000,- til Hordaland fylkeskommune (faktura vert tilsendt frå fylkeskommunen). Arrangør set sin eigen billettpris og organiserer billettsal.

## **ANDRE SAMARBEIDSPARTNARAR OG SØKNAD OM STØNAD**

Det er høve til å slå seg saman med lag og organisasjonar på staden for å dela på utgiftene, som til dømes Senioruniversitet, Den kulturelle spaserstokken, mållag, lyrikklag, historielag osv. Medlemmer av desse kan få tilbod om førehandskjøp, men det er særskilt viktig for Hordaland fylkeskommune at tilbodet er ope for alle.

Det finst også nettstadar der ein kan søkja om arrangørstønad som t.d. Fond For Utøvende Kunstnere (FFUK), Kulturrådet sine heimesider, lokale bankar og historielag.

## **KONTAKTPERSONAR OG UNDERSKRIFT**

Samarbeidsavtalen er sendt ut i to eksemplar. Arrangør signerer og sender eitt eksemplar i retur til:

**Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga  
v/Wenche Gausdal  
Postboks 7900  
5020 Bergen**

eller pr e-post til  
[Wenche.Gausdal@hfk.no](mailto:Wenche.Gausdal@hfk.no)